




Ard arealplan  
Domkirkegaten 3  
5017 BERGEN



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201304208-2/714/ANNVABO

Dykkar ref.:  
Ard13014

Bergen, 15. juli 2013

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Vesleheimen, gnr. 137, bnr. 63 m.fl - Lindås kommune

Vi viser til brev dagsett 15. mai 2013 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Vesleheimen. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i samsvar med kommunedelplan for Alversund – Knarvik 2007 – 2019 der området er sett av til bustad.

### Innspel og merknader

I denne fråsegna gir vi innspel og merknader til reguleringsarbeidet i hovudsak ut i frå fylkeskommunens ansvarsområde og interesser knytt til regionale planar.

Det er viktig for Hordaland fylkeskommune at planarbeidet følgjer opp regionale interesser. I denne saka ber vi om at det blir lagt særleg vekt på:

- Arkitektur/estetikk
- Barn- og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Universell utforming
- Kulturminne

Meir informasjon om kvart plantema kan ein finne på [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke). Der kan ein òg finne ressursar knytt til arealpolitiske retningslinjer og anna rettleiingsmateriell.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Utifrå våre arkiv kan vi ikkje sjå at tiltaket det er søkt om vil kome i konflikt med kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka på det noverande stadium i planprosessen.

### Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på arkitektur/estetikk, barn- og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, universell utforming og kulturminne.



for Marit Rødseth  
Plansjef



Per Morten Ekerhovd  
Fylkeskonservator

**Sakshandsamarar:**

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Statens Vegvesen, Region Vest

Lindås Kommune

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 31. mai 2013 09:34  
**Til:** Ard arealplan as  
**Emne:** Uttale - Oppstart - Lindås - Gnr 137 Bnr 63 mfl - Vesleheimen -  
Detaljregulering

**Viser til dykkar brev av 14.05.2013 med melding om oppstart av planarbeid for Gnr 137 Bnr 63 mfl., Vesleheimen, Lindås kommune.**

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggt teknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Mvh

Tord Bakke  
seniorrådgivar  
Fylkesmannen i Hordaland  
kommunal- og samfunnsplanavdelingen  
telefon 55 57 2377  
<http://www.fylkesmannen.no/hordaland>



Statens vegvesen

Ard Arealplan AS  
Domkirkegaten 3  
5017 BERGEN



Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2013/057960-002

Dykkar referanse:  
Ard13014

Vår dato:  
23.05.2013

## Reguleringsplan - gnr. 137 bnr. 63 m. fl. - Vesleheimen i Lindås kommune - Varsel om oppstart

Vi viser til Dykkar brev av 14.05.13 med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Vesleheimen, gnr. 137, bnr. 63 m. fl. på Isdalstø i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 6,5 daa og ligg sentralt ved Isdalstøbakken i eit område som er uregulert og delvis utbygd. Planområdet er avsett til bustad i gjeldande kommunedelplan for Alversund – Knarvik 2007 – 2019 i Lindås kommune.

Tilkomst til planområdet vert frå Isdalstøbakken som no vert omklassifisert til kommunal veg etter at det er bygd ny fylkesveg 565 frå fylkesveg 57 nord for Isdalstø.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert utarbeidd reguleringsplan for utbygging av bustader i det aktuelle planområdet.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
for Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



ARD arealplan AS  
Domkirkegaten 3  
5017 BERGEN

Saknr.:  
13-004

Kommune:  
Lindås

Gnr/bnr  
137/63 m.fl

Gardsnamn:  
Vesleheimen

## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid.

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2013/105041	Inn	15.05.2013	ARD Arealplan AS	Oppstart reguleringsplanarbeid	HOK

NGIR har motteke varsel om oppstart reguleringsplanarbeid og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar

I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunne sette fram opptil to dunkar til levering av avfall, kvar veke. I reguleringsføresegnene er det tatt høgde for at det skal setjast av ein samlingsplass for dunkar som er stor nok til dette. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til samlingsplassen – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Samlingsplassen bør liggja i eit området som er plant og renovasjonsbilen må kunne snu ved plassen. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av samlingsplassen. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke og verte brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen, 15.05.13

  
Henrik O. Kjøpstad  
- kunderådgjevar -